



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Delegert sak nr. 17/6

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
IDALA	2017/2396	24249/2017	GBNR	04.01.2018

144/4 - Søknad om deling/justering av grunneigedom

Dokument i saka:

- Søknad om deling/justering av grunneigedom, 09.10.17
- Kommunedelplan Rauland

Bakgrunn:

Sveinung og Torill Svalastoga søker om å få dele i frå 500 m² frå sin eigedom 144/4 på Rauland. Arealet skal vere ein tilleggsparsell til bustadtomt 144/10. Frådeling som omsøkt er i tråd med kommunedelplan for Rauland, som er spreidd bustad- og yrkesbygging (SBY6). Arealet på 500 m² ligg på sørsida av dagens bustadtomt 144/10, mellom bustadtomta og Neslandsvegen. Markslag er jorddekt fastmark og skog av middels bonitet.

Vurdering etter plan- og bygningslova:

Frådelinga fører ikkje til endra bruk og ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til ulemper på andre arealbruksinteresser i området. 144/10 er i dag på 1057 m² og med ein tilleggsparsell på 500 m² vil tomta framleis vere innanfor vanleg tomtestorleik for bustader i Vinje.

Vurdering etter jordlova:

Frådeling som omsøkt er i tråd med kommunale arealplanar på staden som er landbruk, natur og friluftsliv (LNF), med høve for spreidd utbygging. Sakshandsamar kan ikkje sjå at frådelinga eller tilkomst kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, og vil tilrå frådeling etter jordlova § 12.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune gjev løyve til i dele i frå 500 m² frå eigedom 144/4 til 144/10. Det vert sett som føresetnad at arealet skal brukast til bustadføremål.

Med helsing

Gry Åsne Aksvik
plan- og økonomisjef

Ida Larsen Reinsviki
arealplanleggar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Sendt til:

Sveinung Svalastoga Runningdalen 40 3864 Rauland

Torill Helen K Svalastoga Runningdalen 40 3864 Rauland